



PLASTSORTERING
I BURETTSLAG
OG SAMEIGE

Burettslag og sameige treng tilpassa løysingar i forhold til plass og moglegheiter. Det gjeld å finne gode måtar å samle plasten på.



KVA LØSYING PASSAR HOS DYKK?

Dei fleste som bur i burettslag og sameige ønskjer å samle plastemballasje i fellesareal på grunn av manglande lagringsplass inne.

Til dei fleste burettslag foreslår vi felles plastsekkar i eit eller fleire felles sekkestativ

- Samle plastemballasje i vanlege bereposar i leiligheita.
- Samle denne plasten i felles sekk i sekkestativ.
- Slike stativ kan stå plassert i avfallsrom, bod, garasje, carport eller anna fellesareal.
- Stativa bør stå lett tilgjengelege, der folk ferdast.
- Samlestativ må stå tørt, og under tak.
- Større sameige og burettslag bør ha fleire sekkestativ.
- Burettslag får store sekkar på 240 l.



OPPBEVARING AV PLASTSEKKAR I BURETTSLAG OG SAMEIGE



SEKKAR I STÅLBUR

Oppsamling av fylte sekkar i stålbur
Dei fylte sekkane kan oppbevarast i stålbur/rullecontainer. Større burettslag kan ha fleire slike stativ



SEKKAR I BÅS

Oppbevaring av fylte sekkar i bås
Dei fylte sekkane kan oppbevarast i ein eigen bås i avfallsrommet / -huset

BRUK SÅ MANGE SEKKAR DE HAR BEHOV FOR

- Vaktmeister eller dei som bur i burettslaget, skiftar ut sekkane når dei er fylte, og legg desse til oppbevaring på eigna stad
- Knyt sekkane som skal leverast med dobbel knute
- De leverer så mange sekkar de har behov for
- Plastemballasjesekkane må setjast lett tilgjengeleg for renovatør saman med papiret
- Plasten blir henta samme dag som papiret

UTDELING AV SEKKAR:

- Norsk Gjenvinning (NG), som hentar avfallet for ÅRIM, leverer ut sekkar etter behov
- Vaktmeister eller ansvarleg for renovasjon i burettslaget bestiller nye sekkar direkte hos NG .
- Ring 09700 når de treng sekkar

AVFALLSHUS ELLER NEDGRAVDE LØYSINGAR

- For større burettslag og sameige som ikkje har avfallsrom kan det vere aktuelt å vurdere å etablere betre løysingar for avfallshandtering, utandørs.
- Utandørs løysingar kan vere eige avfallshus, - bod eller nedgravd avfallsløysing.
- Eksempel på nedgravd løysing er å sjå ved dei nye studentbustadane bak Høgskulen i Ålesund
- Utandørs avfallsløysingar kan utstyrast med lås
- Muligheit for samarbeid mellom burettslag
- ÅRIM vil gjerne vere med på diskusjonar om utforming og plassering av denne type løysingar. Løysinga de vurderer må fungere i forhold til bebuarane som kastar avfallet, og renovatørane som hentar avfallet.


SEKKAR I HYLLER

Oppbevaring av fylte sekkar i hyller
Dei fylte sekkane blir her oppbevart på ei hylle i avfallsrommet /-huset



SEKKAR PÅ KROKAR

Oppsamling av fylte sekkar på krok
Dei fylte sekkane kan hengjast på krok på vegg.



UTSTYR TIL OPPSAMLING AV PLASTEMBALLASJE:

ÅRIM deler ut plastsekkane de treng, men ikkje samlestativ, dunkar, bur eller andre typar oppsamlingsutstyr for sekkar. Slike typar utstyr er å få kjøpt mange stadar, både i byggevarekjeder og diverse butikkar som sel forbruksvarer. Her er eksempel og kontaktinformasjon til nokre leverandørar:



SEKKESTATIV:

Industrieffekt sel sekkestativ. Leverer til alle ÅRIM-kommunane.

Rolf A Sunde
Tlf 70 19 75 50
rolf@industrieffekt.no

Stativ på bilde: 240 l
L: 49 cm x B: 49 cm x H: 108 cm

660 L. DUNKAR

Vi får spørsmål frå abonnentar som ønskjer store 660 l dunkar (samme som til restavfall og papir) for oppbevaring av sekkar i burettslag. Dette er noko vi i utgangspunktet ikkje tilbyr.

Ein av grunnane er erfaringar med feilsortering. Fleire stadar kastar folk restavfall i feil dunk. Plast og papir blir henta av samme bil. Feilsortert restavfall i papiret kan i verste fall øydeleggje eit heilt lass med papir..



SEKKESTATIV

TESS Møre har sekkestativ for mange behov. Kontakt for meir informasjon.
more@tess.no



OPPSAMLINGSBUR:

Enviropac leverer sekkestativ og ulike typar bur for oppsamling av sekkar.

Ole Busengdal
Telefon 06130
ole@enviropac.no
www.enviropac.no

Bur på bildet: L:120cm x B:80cm x H:180 cm

Andre forhandlarar:

- Obs Bygg
- Clas Ohlson
- Jula
- Norsk Gjenvinning

Kontakt ÅRIM:

Tlf: 70 16 41 80
arim.no

